

Kjeldebruk og bygdesong - Gudbrandsdal Historielag 1919-2019

Av Ivar Teigum

Skipingsmøtet fann stad på Maihaugen den 21. juni 1919. På gruppebildet som viser forsamlinga, reknar vi 27 namn. Dette var ikkje alle av dei som hadde engasjert seg. I tillegg kjem 22 mann som hadde skrive under på eit opprop føreåt. Alle var menn, gjennomsnittsalderen låg på 50-60 år. Til saman utgjorde dei ein elite i Lillehammer og dalen. Seks mann sat eller hadde site på stortinget, ein var statsråd, og fem var eller hadde vore ordførar. Fleire var næringsdrivande, mange hadde gard, og somme var akademikarar, så som professor, høgsterettsadvokat, lege, lektor eller prest. Tre hadde skrivning som yrke.

For dei fleste i vår tid er vel Gudbrandsdal Historielag og Dølaringen mest kjende som utgjevar av *Årbok for Gudbrandsdalen*, med eit unntak for tre av krigsåra har ho kome ut utan avbrekk sidan 1930. Før det hadde Gudbrandsdalens historielag eksistert i elleve år, Dølaringen enda lengre. Og før Årboka var det ei anna, ho heitte *Bygd og Bonde*.

Når Årbok nr. 87 utpå året 2019 går i trykken med denne artikkelen, er vi langt komne med hundreårsjubileet for Gudbrandsdal Historielag. Artikkelen handlar om dei hundre åra, først om Historielaget i åleinegang med eit sterkt tyngdepunkt på Lillehammer, seinare i tvispann med den nynorskforplikta parhesten Dølaringen og med tyngde meir spreidd nordover i dalen. Heilt til det nærma seg jubileet i 2019 skulle det gå før dei to laga vart slegne saman til eitt. Mest handlar artikkelen om den store og viktige publiseringsverksemda som dei to laga har vore saman om med små ressursar og stor arbeidsinnsats frå mange. Vi vender attende til skipingsmøtet i 1919.

Skipingsmøtet - kven var dei alvorlege menn?

Som ein måtte vente i ei tid da toget var eit tilvendt framkomstmiddel, men biltransport i sin spede barndom, kom dei fleste under skipingsmøtet frå byen og Sjørdalen. Frå Norddalen var det færre, men dei som kom, var markante. På bildet har forfattaren og kulturhistorikaren Ivar Kleiven fått heidersplass midt på første rad. Mellom underskrivarane føreåt var alle kommunane representerte.

Lengst til venstre i den fremste rekka på gruppebildet finn vi Oluf Kolsrud, dosent ved universitetet i Oslo. Tidlegare hadde han vore med på å starte Fælleskomiteen for Hedmarkens historie. Samstundes med oppstarten av eit historielag for Gudbrandsdalen vart det danna eit Oplandske Historielag som omfatta store delar av dei to nyleg vedtekne fylka Hedmark og Oppland.

Danninga av desse distriktstvis historielaga kom etter medverknad frå fagmiljø ved universitetet og Statsarkivet i Hamar, som nyleg var etablert. Berre ei veke etter skipingsmøtet på Maihaugen av Gudbrandsdalens Historielag vart eit vekelangt kurs arrangert i Hamar med tanke på bygdebokarbeid og innsamling av historiske kjelder. På kurset var det 180 deltakarar

frå heile landet, av dei 29 heimhøyrande i Gudbrandsdalen eller utflytte derifrå. To var tilflytte.

Samansetjinga av deltakarar på Hamarkurset var annleis enn under skipingsmøtet for eit historielag i Gudbrandsdalen. Av dølane var dei fleste lærarar, sju var kvinner. Dei fleste var eit par tiår yngre enn deltakarane under møtet på Maihaugen ei veke før, og i Hamar var Ottadalsbygdene lengst nord i dalen sterkest representert. To mann frå Vågå var med på båe stader, Ivar Kleiven, nyvald nestleiar i Gudbrandsdalens Historielag og hjelpeinstruktør under kurset, og kyrkjesongaren Anders Skrede.

Eit av måla for Gudbrandsdalens Historielag var at laget skulle gje ut eit historisk tidsskrift saman med Oplandske Historielag. Eit vidare mål var å vekke sansen for bondekultur og bygdehistorie i dalen, og å fremje forskning på dette området, mellom anna gjennom økonomisk støtte til utgjeving av bokverk. Tidsskriftet *Bygd og Bonde* såg dagens lys den same hausten.

Bygd og Bonde, Kråbølboka og Schønings reise

Tidsskriftet *Bygd og Bonde* fekk ei heller akademisk vinkling. Redaktørar var Oluf Kolsrud, dosent ved universitetet, og statsarkivaren Andreas Fredrik Scheel. Målet var fire hefte i året. Kwart hefte dei første åra var inndelt i fire bolkar: Først «Avhandlingar og samlinger», deretter «Gamle papirer», «Paa folkemunn og i folkeminne», og til sist «Nye skrifter og studier». Under dei ti åra som tidsskriftet eksisterte i innlandsfylka, var emne som galdt Gudbrandsdalen behandla i om lag femti av bortimot 200 artiklar. Ni av desse artiklane var skrivne av den pensjonerte presten Gunner F. Gunnensen frå Lillehammer. Han var også den første leiaren i Gudbrandsdalens Historielag.

Bygd og Bonde vart spreidd gratis til medlemsstokken. Historielaget i Gudbrandsdalen hadde noko over to hundre medlemmer. Ei udatert abonnentliste gjev eit visst oversyn. Medlemmer fanst det i alle kommunane, unntaket var Lesja. Aller flest var det i Lillehammer med over seksti betalande. Deretter kom Gausdal med litt under femti med tyngda i Østre, og Ringebu med litt over tjue. Mellom dei andre kommunane toppa Lom med tolv medlemmer, etter kom Vågå med ni.

To andre variablar i lista er yrke og kjønn. Førte yrkestitlar er representerte, dei aller fleste knytte til Lillehammer. Titlar og spreing samsvarar i høg grad med den orienteringa som skipinga av Historielaget hadde, folk med høgare utdanning og forretningsdrivande. Frå dei andre kommunane kunne det vera soknepresten, ein handelsmann eller ein lærar på lista. Den siste tittelen var det forresten berre fire som nytta. Frå bygdene greidde dei aller fleste seg med føre- og etternamn.

Blant medlemene var det ni damer, dei fleste frå borgarskapet i Lillehammer, ei av dei Sigrid Undset. Men på Hundorp finn vi fru Cath. Balchen, og frå Bråtå i Skjåk lærardottera Laura Ørjasæter.

Gunner F. Gunnerson, den første leiaren i Historielaget, hadde tidlegare skrive bok om Lillehammer by sine første 90 år. Nå gav han seg i kast med manuskriptet etter skipskapteinen og gausdølen Hans Kraabøl. Utgjevinga av ei trykt utgåve på ikkje mindre enn 280 sider vart finansiert med gåver frå større bønder i Gausdal og med hjelp av ein underskriftaksjon.

For Historielaget var Kråbølboka eit pionerarbeid. Det galdt både sjølve utgjevinga og stemneleia for interessa til medlemene. I 1780 drog Hans Kraabøl (1757-1833) til sjøs, i 1795 fekk han sjølv skip å føre på verdshava for den store kammerherren Bernt Anker i Christiania, Sjølivet var til ende i 1816. Sidan vandra kapteinen grendelangs i Gausdal og samla munnlege opplysningar om gardar og folk. Resultatet er eit Gausdal i manns minne anno 1820. Kraabøl var jamgamal med økonomiprofessoren Gregers Fougner Lundh. Professoren som sjølv slekta frå Gausdal, var ein av opphavsmennene til det store kjeldeverket *Diplomatarium Norvegicum*.

Gunner F. Gunnerson skreiv sidan artiklar i *Bygd og Bonde* om bonden og diktaren Simen Fougner frå Gausdal som levde tidleg på 1700-talet, og slekta hans. I 1926 stod Gunnerson i spissen for utgjevinga i bokform av Gerhard Schøning si ferd gjennom Gudbrandsdalen på 1770-talet. Lik Fougner Lundh hadde Schøning vore på leit etter skriftlege og andre spor av Noregsveldet i mellomalderen.

Medan Gunner F. Gunnerson må ha hatt eit aktivt og meningsfullt liv både som pensjonert prest, forskar og leiar i Historielaget, var *Bygd og Bonde* eit forum for eigne fagartiklar. Ein annan av dei mest aktive var Gunnar Tank, konsulent ved Riksarkivet med allmenningsrett som spesialfelt. Ikkje mindre enn åtte artiklar gav han til beste om forhold kring allmenningar i Gudbrandsdalen. Ein annan nyttig mann for Historielaget var Leif Midthaug. Han var konsulent ved Statsarkivet i Hamar, og hjelpsam med å leite fram kjeldemateriale. Men også ein sjølvlærd autoritet som Ivar Kleiven hadde artiklar på trykk.

Ivar Kleiven og den munnlege overleveringa

Ivar Kleiven (1854-1934) var ein institusjon i seg sjølv der han sat på Kleivsetra i Vågå, frå 1909 som statsstipendiat. Om vintrane drog han på samlarferd til nære og fjerne arkiv, offentlege og private. Om somrane kom dei til han, personlege venner frå byen, intellektuelle og forfattarar, mellom dei Hulda og Arne Garborg. Attåt dette var han ein hendig kar for folket på grannesetrene.

I festskriftet på 70-årsdagen til Knut Sprauten ved Norsk lokalhistorisk institutt skriv historikaren Dag Hundestad artikkelen «Barfothistorikere og akademikere: Profesjonalisering og strid i lokalhistorien». Omgrepet barfothistorikar har han lånt frå amerikansk forskning. Hundestad skriv at det som gav lokalhistorikarane autoritet og det han kallar geografisk opphavsrett tidleg på 1900-talet, var den reint personlege tilknytninga og kjennskapen til ein stad.

Ivar Kleiven var ein slik mann med geografisk opphavsrett. I 1919 skil han seg ut både under skipingsmøtet til Historielaget og under arkivkurset i Hamar som ein sjølvlærd og mykje

respektert autoritet ved sida av akademisk skolerte og ivrig skrivande leiarar som Gunner Gunnensen og Kristofer Fliflet.

Omkring 1920 var Ivar Kleiven på høgda i det store kulturhistoriske forfattarskapet sitt. Fullført var eit årelangt ordbokarbeid under Steinar Schøtt, fullført var også boka *I gamle Daagaa*. På dette tidspunktet var det første av seks påtenkte bind under fellestittelen *Gamal bondekultur i Gudbrandsdalen* utkome på Aschehoug forlag. Det bindet galdt Lom og Skjåk. Sidan skulle dei koma i tur og orden, i 1922 Lesja og Dovre, i 1926 Østre og Vestre Gausdal, i 1928 Ringebu, i 1930 Fron. Boka om Øyer vart fullført av bonden Tor Ile etter at Ivar Kleiven var borte.

I *Bygd og Bonde* har Ivar Kleiven seks artiklar, to av dei nekrologar og ein ei bokmelding. Av to sjølvstendige artiklar gjeld den eine sjeleregisteret for Vågå frå 1736, ei offentleg undersøking om lese- og skrivekunnskapen i prestegjelda på den tida den obligatoriske allmugeskulen vart innført. Den andre artikkelen galdt Peder Solbrå, bondeføraren under striden kring den forhatte koppeskatten som styresmaktene prøvde å gjennomføre på 1760-talet.

Her nemner vi særskilt ein liten artikkel frå den første utgåva av *Bygd og Bonde* med tittelen «Segn og sanning». Artikkelen viser den sterke trua bygdehistorikarane og folkeminnesamlarane hadde på munnleg overlevering, det som Kleiven sjølv kalla «fortalna». I artikkelen fortel Kleiven segna om ein gut frå Kleppe i Vågå som skal ha vorte sitjande fast i lang tid ute på ein holme i Flatningen i Vågå saman med hunden sin, og berre med fisk å leva av. Denne segna set forfattaren i samanheng med det dokumenterte drapet på riddaren og høvedsmannen Beinkt Harniktsson som vi finn i Diplomatariet i eit dokument frå 1445. I 1480 måtte arvingane til bonden på Kleppe bøte for drapet. Kleiven spør om guten på holmen var drapsmannen, og er sjølv i god tru.

Frå boklege syssel til handling lokalt

Først og fremst var det granskinga av skriftlege kjelder og interesse for bøker som rådde i krinsen om Historielaget dei første åra. Kristoffer Fliflet var overrettsakfører på Lillehammer, i Historielaget var han leiar i åra 1925-34. Fliflet hadde eit stort bibliotek på 1648 bind som han let Gudbrandsdalens Historielag få ta over. Av bøkene var ein tredel innbundne og ein tredel hefta. Ein siste tredel var det ennå ikkje ført katalog for. Sentrale verk var forskararbeid og trykte kjeldesamlingar frå eldre norsk historie. Boksamlinga vart sett i stand for utlån, og Lillehammer og Fåberg folkebibliotek stilte lokale til rådvelde. Seinare fekk Historielaget eit legat der innbinding av den hefta delen av boksamlinga var prioritert. Frå 1960 fekk boksamlinga plass i biblioteket på Maihaugen.

Heile dalen måtte koma med i historiarbeidet. Slekter måtte granskast og lokale bygdebøker skrivast, bygdetun måtte reisast, alt før det var for seint og den gamle tida var borte. I åra kring 1930 starta arbeidet med å danne lokale historielag kringom i dalen. Den gamle tingskipnaden i Gudbrandsdalen omfatta åtte tinglag, og dette var ordninga da formannskapslovene vart vedtekne i 1837. Dette var også ei høveleg inndeling for Ivar

Kleiven da han tok til på arbeidet med *Gamal bondekultur*, og like eins praktisk for eit nytt og lokalt historielag når det skulle leitast etter folk og hendingar i kyrkjebøker, tingbøker og pantebøker. Berre Lom og Skjåk og dei to gausdalskommunane braut skikken. Men alle gav dei si støtte til rettesnora som Ivar Kleiven hadde drege opp for sjølve arbeidet sitt. Det var leivningane og beretningane frå tider før midten av 1800-talet som måtte bergast frå gløymsla.

Tidsskriftet *Bygd og Bonde* kom ut med si siste utgåve i 1928. Dei fleste av mennene som dreiv fram Gudbrandsdalens Historielag, var i ferd med å falle ifrå. Med danninga av lokale historielag i dei fleste bygdene i dalen, vart det pløgt i det same lendet som andre hadde begynt å odle. Dølaringen var ei drivkraft for nynorskrørsla i distriktet. Under 1930-talet var skulemålet eit tema i dei fleste kommunane nord for Lillehammer,

Målpoliisk bløming – Dølaringen

Skipinga av Gudbrandsdalens Historielag i 1919 var ingen særskilt tidleg start sett i ein nasjonal samanheng. Kringom i landet var det ei stor interesse for arbeid med lokalhistorie i samband med Kringenjubileet i 1912 og grunnlovsjubileet i 1914. Landslaget for bygde- og byhistorie hadde sitt første ordinære årsmøte i 1921. Dølaringen hadde ein annan bakgrunn, men var også eldre enn Historielaget.

I boka *Målreising i 75 år: Noregs Mållag 1906-1981* går det fram at fleire såkalla mållingar var danna på Austlandet i åra 1913-14. Initiativet kom frå Austmannalaget, ein organisasjon som var nokre år eldre enn landssamskipnaden Noregs Mållag. Etter kvart skulle Austmannalaget fungere som fylkeslag under Noregs Mållag for Hedmark og Oppland. Med ein stokk av individuelle medlemmer skulle Dølaringen stå ansvarleg for oppbygginga av lokale mållag i Gudbrandsdalen. På 1920-talet fanst det så mange som 13 lokale mållag. Elles var føremålet med Dølaringen å få nynorsk teke i bruk «i skular og kyrkjer og i alt offentleg stell».

Medan det riksmålsdominerte *Bygd og Bonde* framleis kom ut, vart tanken lansert i 1926 om ei folkeleg årbok for Dølaringen på nynorsk. Læraren Ola I Svare i Gausdal kom med framlegget, og i 1930 kom den første årgangen av *Årbok for Dølaringen* på marknaden. Tre år seinare vart det opphavlege føremålet med verksemda til Dølaringen endra med stor tilslutnad. Utan å ta nærare kontakt hadde Austmannalaget vendt seg til mållaga i dalen, og Dølaringen var like glad. Dei trongst ikkje lengre «til å binde i hop mållagi og Austmannalaget og går ut av den samskipnaden». Mållaga kunne vel så gjerne sortere under Austmannalaget direkte. Nå ville Dølaringen satse for fullt på Årboka og andre skrifter på nynorsk. To år seinare tok Dølaringen eit tilsvarande oppgjer med Noregs Mållag. Grunngevinga var ein «kravstor» kontingent.

Målet med arbeidet vidare skulle vera «å verne om kultur i mål og minne, i sed og skikk, i arbeid og kunst». For å fremje dette vart det bygt opp eit system med grendemenn, som kunne ta på seg å spreie lesnad på nynorsk. Det fortel om framgangen at midt på 1930-talet hadde Dølaringen 67 tillitspersonar i alle aldrar spreidde på kommunane i dalen, av dei var fem kvinner.

I føreordet til den første årgangen av *Årbok for Dølaringen* er emnekrinsen formulert i detalj: Først står minneord om kjende dølar, dernest skrifter og oppskrifter etter «bortfarne» folk. Så kjem bygdeoriginalar, spelemenn og liknande. Som nummer fire kjem ei spesifisert liste over emne frå arbeidslivet i det gamle bondesamfunnet. Som nummer fem kjem det som blir kalla gamal fortelnad, det vil seia overtru, stadnamn og segner. Og til sist – dølalynne og dølagjerd.

Skilnaden frå historieskriftet *Bygd og Bonde* er slåande. Spørsmålet var ikkje her om forskning og framlegging av skriftlege kjelder. Dølaringen var på leit etter emne som kunne styrke identitet og heimehøyring. Dikt og songar fyller mange sider. Minne frå ei anna tid var viktig for ein generasjon som omkring seg såg gjeldsbøra vekse og auksjonane truge store og små i bygdene. I den første Årboka dominerer minneorda. Gode menn og kvinner skulle heidrast, i praksis var dei alle menn. Viktig for spreinga av boka var vekta lagd på skribentar og artiklar frå alle bygder, eit samlande krav var språkforma, anten nynorsk eller dialekt.

Den første redaktøren for Årboka var Edvard Grimstad (1886-1955), fødd og oppvaksen i Skjåk og lærar på Lillehammer. Grimstad var personleg sterkt interessert i folkeminne og munnleg tradisjon. Som samlar knytte han band til fagmiljøet ved universitetet, og dreiv på den måten samlararbeidet til Ivar Kleiven eit steg lengre i dokumenterande lei.

Ivar Kleiven nytta gjerne segnmaterialet i ei samanhengande framstilling saman med skriftlege kjelder i rekonstruksjonen av fortida. I firebindsverket *Etter gammalt* gjev Edvard Grimstad att uendra det som har vorte han fortalt til underhaldning for ein lokalkjend lesar, og til nytte for tradisjonsforskinga ved universitetet. Dette gjeld noko på veg også oppskriftene attgjevne i Årboka. Boka *Etter gammalt* vart trykt og utgjeven av Norsk folkeminnelag i tidsromet 1945-59.

Dølaringen og Gudbrandsdalens Historielag

Frå omkring 1930 var Historielaget ein samskipnad med lokallag kringom i bygdene, og med årlege stemner i samband med årsmøta, gjerne på tradisjonsrike gardar. Frå 1933 var Dølaringen ei foreining med individuelle medlemmer i Gudbrandsdalen og utan lokallag. Forholdet til den organiserte målrørsla elles var først og fremst ideologisk. I forholdet til Historielaget trong ikkje by på problem så lenge framgangen var god, og ingen tok opp ting som kunne vera vanskelege dei imellom. Først og fremst galdt det bruken av nynorsk.

Det noko stivbeinte namnet Gudbrandsdalens Historielag var lite folkeleg og statuttane var skrivne på riksmål. Språkforma og namnet var gjeldande til i 1951. Og slik var det da Dølaringen fekk med seg Historielaget på utgjevinga av Årboka i 1933. I 1935 vart samarbeidet ytterlegare formalisert: «Dølaringen og Gudbrandsdal Historielag går saman om det forlaget som sidan 1930 har gjeve ut *Årbok for Dølaringen*. Forlaget får namnet Gudbrandsdal Boklag og skal ha til oppgåve å gje ut kulturskrifter for dei to laga». Båe laga hadde ein ambisjon om å gje ut bøker, men Årboka skulle Dølaringen eige åleine - førebels

Ein viktig samnemnar var Ivar Kleiven, som i 1934 var avliden. Etter han låg det fleire manuskript som det var aktuelt å gje ut. Eit av dei var ei dramatisering knytt til skottetoget i 1612. *Frå skotteåret* vart tittelen. Ei anna bok av Kleiven med tittelen *Elvesøg* kom ut i 1937, og var eit framhald av barndomserindringane i boka *I heimegrendi* frå 1908. Og alt nå låg føre brevbyttet gjennom over førti år mellom Ivar Kleiven og heidølen Kristian Prestgard, redaktør i det norsk-amerikanske bladet *Decorah-posten*. Men løftet var stort, åtti år skulle passere før det prosjektet var fullført og boka utgjeven. Eit historisk kjeldeskrift låg klar. I 1937 hadde Leif Midthaug ved Statsarkivet transkribert for utgjeving reisedagboka til Nicolai Christian Lassen gjennom Gudbrandsdalen frå 1777.

Med bakgrunn i utgjevinga av manuskripta etter Ivar Kleiven kjem det også fram ei anna side ved det faste samarbeidet som voks fram mellom Dølaringen og Historielaget framover frå 1935. Før han døydde, hadde Ivar Kleiven testamentert Kleivsetra i Vågå til Historielaget med tanke på eit vidare sal og oppretting av eit fond. På den måten kunne det bli ytt lån til den vidare drifta av boklaget. Frå 1939 vart namnet på Årboka endra frå *Årbok for Dølaringen* til *Årbok for Gudbrandsdalen* i samsvar med endringa som nå vart gjennomført av eigarforholdet.

Ikkje berre Dølaringen var aktuell som samarbeidspartnar i historiarbeidet. Både frilyndte ungdomslag og bondeungdomslag var inne i bildet. Dette var interessant med tanke på rekruttering. På førespurnad sette Historielaget opp lister over medlemmer som kunne halde foredrag kringom i bygdene. Også Gudbrandsdal lærarlag, og jamvel arbeidarungdomslag, var nemnde av ein skilde i den heller bondeorienterte historierørsla.

Aksel Hattestad, Martinus Høgåsen og Einar Hovdhaugen

Vi skal møte tre menn som i vaksen alder tok del i det lokallhistoriske arbeidet da krigen kom i 1940, og som meir enn dei fleste, sette merke på arbeidet i Dølaringen og Historielaget i heile etterkrigstida. I samanhengen vår høyrer dei til mellomgenerasjonen. Aksel Hattestad (1891-1971) kom frå Fåberg, og arbeidde som lærar ved fylkesyrkesskulen i Ringeby. Ola Martinus Høgåsen (1900-64) kom frå Grue i Solør, men hadde yrkeslivet sitt i Fron og Vågå som lærar og kyrkjesongar. Einar Hovdhaugen (1908-96) kom frå Ringeby, og gjorde seg sterkt gjeldande både som forfattar og rikspolitkar. I skrift som på talarstolen representerte dei breidda i det lokallhistoriske kulturarbeidet i dalen i si levetid.

Som ein av dei yngste, deltok fåbergingen Aksel Hattestad i 1919 under skipingsmøtet til Gudbrandsdalens Historielag. Det same året kom han med i styret for mållaget Dølaringen. Da samarbeidsavtala mellom Dølaringen og Historielaget var vedteken i 1935, vart Hattestad vald til leiar for Historielaget, og fungerte heilt til all verksemd vart lagt ned i 1942 på grunn av krigen. I 1933, under årsmøtet i Dølaringen, hadde tanken vorte framlagt om utgjeving eit samla bokverk om heile Gudbrandsdalen si kulturhistorie, ikkje berre bygd for bygd som hos Ivar Kleiven. For dette tiltaket vart Hattestad ei drivande kraft fram til realiseringa på 1950-talet.

Eit bokverk om heile Gudbrandsdalen gjennom tidene var ein storfelt ambisjon som to distriktslag ikkje kunne makte åleine, det galdt både finansieringa og det faglege innhaldet. Ein eigen organisasjon måtte til, og i 1948 vart Kulturhistorisk samskipnad for Gudbrandsdalen etablert i samarbeid med De Sandvigske Samlinger på Maihaugen. Med museet på laget kom løyvingane frå Norges allmenvitskaplege forskingsråd. Aksel Hattestad var den i Historielaget som dreiv tiltaket fram. I styret sat elles direktøren Sigurd Grieg ved Maihaugen og bokhandlaren Asphoug i Ringebu.

Ved museet i Lillehammer var Anders Sandvig direktør til 1946. Da vart han etterfølgt av Sigurd Grieg, ein arkeolog med erfaring som både galdt vikinggraver, handverkshistorie og tekstilar frå mellomalderen. Fartein Valen-Sendstad var historikar, og arbeidde med landbrukshistorie på 1800-talet etter at han kom til Maihaugen som konservator i 1949. Dei to forskarane var sjølvskrivne til å ta på seg arbeidet med ei kulturhistorie på eit nivå med høg fagleg kvalitet.

Dei tre binda med samletittelen *Gudbrandsdalen i mellomalderen* vart utgjevne i 1956-57. Dei to første bøkene var skrivne av Sigurd Grieg, den eine med fokus på kristningsverket i dalen, den andre på dagleglivet. Året etter kom boka til Fartein Valen-Sendstad. Ho var konsentrert om garden og samfunnet, det vil seia den økonomiske og sosiale mellomalderhistoria.

I 1951 hadde Gudbrandsdal Historielag gjennomført ei endring i føremålsparagrafen. Borte vart setningen som sa at laget skulle drive forskning på bondekulturen og bygdehistoria i dalen. Men med mellomalderverket til Grieg og Valen-Sendstad var det likevel forskning på eit akademisk nivå dei hadde fått, og det på bokmål. Slik vart desse bøkene ein bindelekk attende til 1920-talet. Og slik uttrykte mellomalderverket nytten av aktiv kontakt med ein faginstusjon som Maihaugen. Da oppdraget var utført og organisasjonen nedlagt, kunne Hattestad i 1963 overlevere til Historielaget ein restsum på 20 000 kroner. Eit framhald av kulturhistoria vart ikkje drøfta.

Som lærar og kyrkjesongar i Vågå frå 1939, og som ordførar i ein periode etter krigen, var Ola Martinus Høgåsen ei eldsjel. I Dølaringen finn vi han både som leiar i laget frå 1945 og som redaktør for Årboka. Den første kampen som målfolk og kulturinteresserte engasjerte seg i på nytt etter freden, var plasseringa av eit landsgymnas i dalen. Høgåsen var mellom dei som stod i første rekka for ein slik vidaregåande skule for bygdeungdom.

For Årboka var Høgåsen redaktør 1945-64. Det var dobbelt så lenge som boka hadde kome ut i det heile fram til han tok over. Einerådande som ho var, med eit grendemannssystem i alle bygder, og med skuleelevar som dørseljarar, oppnådde Årboka stor spreining i dalen. År om anna passerte ho eit opplag på 5000 eksemplar, i avisene fekk ho rosande omtale kvart år. Høgåsen sjølv var den ivrigaste skribenten i mange år med til saman 145 artiklar innan han døydde det siste året han var redaktør. Høgåsen hadde ei stor kontakflate, dikta rann lett frå pennen saman med snøgge portrett av personar. Minneorda om kjende dølar var mange, slik føremålet til Dølaringen kravde. Artiklar kom frå alle bygder.

Gard og ætt

Ola Martinus Høgåsen var sosialist, men som mange andre i det lokalkulturelle miljøet, hadde han ei draging mot bondearistokratiet i seinmellomalderen, folk av hauldeætt som Engebret Hougen uttrykte det i ein artikkel. Fleire større gardar fekk ein vegg prydd med ættetavle etter Høgåsen med stipla liner attende til dei gamle norske kongane.

Skinnbreva som Gerhard Schøning hadde studert på reisa si gjennom dalen, dreia seg i høg grad om transaksjonar og skifte mellom personar. For ættemedvitne slektsgranskarar vart bokverket *Diplomatarium Norvegicum* ei gullgruve – og ei krukke med draumar om stordom der regnbogen sluttar. Kristofer Fliflet la eit grunnlag i si tid. Slekstavlene til Høgåsen var eit framhald. Ingeniøren Engebret Hougen (1893-1956) var den som kom lengst i veg under arbeidet med trebindsverket *Ættesoge for Gudbrandsdalen*. Bind 1 kom ut hos Dølaringen i 1953 og behandla mellom andre Gjæslingætta på Sandbu i Vågå. I det andre bindet frå 1955 stod Brattætta på Bjølstad i Heidal sentralt. Det tredje bindet vart utgjeve i 1974 etter at Hougen var død.

Som vi såg med Kråbølboka, var registrering og omtale av gardar og slekter eit tema for Historielaget alt på 1920-talet. Og medan Ivar Kleiven hadde teke seg av det kulturhistoriske perspektivet, var det eit allment syn at gardar og slekter var ei oppgåve for dei lokale historielaga etter kvart som dei kom i gang. I Skjåk var arbeidet igangsett med eit slektsregister i tidleg på 1900-talet av soknepresten H. H. Neumann.

Den som for alvor sette i gang med kjeldegransking med tanke på gard og slekt framover frå reformasjonshundreåret, var Einar Hovdhaugen. Først med *Gardar og slekter i Ringebu* frå 1953, og sidan *Gardar og slekter i Fron* i to bind (1973-74). Dette var arbeid som han gjorde i samarbeid med dei lokale historielaga.

Krigen og gudbrandsdølen

Den sjølv lærde bonden Einar Hovdhaugen var alt frå yngre år ein offentleg person. For Historielaget vart han i 1945 beden om å skrive ei bok om krigen og okkupasjonen. I 1949 kom boka ut med tittelen *Gudbrandsdalen gjennom krigsåra 1940-45*. Dette er ein dokumentasjon av motstandsarbeidet, og vart lenge ståande som sjølv referanseverket for distriktet vårt. Etter krigen var ikkje Gudbrandsdal boklag starta opp att, og Historielaget tok ansvaret for utgjevinga medan dei og Dølaringen på ny frisk stod saman om Årboka.

Å skrive ei bok om okkupasjonsåra så tett etter splittande hendingar baud sjølv sagt på store utfordringar. På den eine sida sat hendingane friske i minnet hos dei som var med, på den andre sida hadde det funnest lite tid til refleksjon. Tanken hadde vore at boka skulle koma ut alt i 1946. Men oppfatningar og tolkingar hadde sprikt hos aktive deltakarar under krigshandlingane, og diskusjonar hadde vore nødvendige. I føreordet skriv Hovdhaugen at han ikkje ville skrive ei heltesoge. Men under omstenda, korleis skulle han unngå det? I neste setning skriv han: «Ikkje alle var like heile i sinnet, og hadde same evne til å ofre. Men sams for alle er at dei prøvde å gjera sitt». I innleiinga utdjupar han resonnementet, og spør: Kvifor

vart den eine med i den organiserte motstandsørsla og ikkje den andre? Og han svarar forsonande: Men alle, titusenvis, gjorde sitt for humanismen og fridomen og imot herrefolket og nazismen.

Kva låg i tanken om «det heile sinnet»? I samheng med krigshandlingane er ikkje Hovdhaugen framand for ein viss porsjon eventyrlyst knytt til motstandskampen, men aller mest dreiar det seg om patriotisme og offervilje. I Årboka ser vi i tilsvarande samanhengar uttrykket «ekte døl». Både Einar Hovdhaugen og andre i Dølaringen og Historielaget stod i den liberale venstretradisjonen. Som nynorskfolk bar dei sterke merke av den nasjonal-kristne humanismen som frå før hundreårskiftet var framdyrka i folkehøgskulen og i den frilynte ungdomsørsla. Samstundes låg det konservative dannelsingskravet i dikt som «Emne» av Olav Aukrust til grunn som ein resonans. Ideen om det ekte og høgverdige vart knytt like mykje til nedervde eigenskapar som til einskilde handlingar, og vart tolka som karakterdrag hos individ og gruppe. Med slik ballast var det knapt tilfeldig kva som vart vektlagt i den faste bolken i Årboka med «minneord» og omtale av «kjende døl».

Årboka var populær, ho dyrka folkeleg språk, nynorsk og dialekt, og mange fekk koma til orde med sitt, smått og stort. Årvisst vart ho hylla i avisene Gudbrandsdølen og Dagingen. Berre mellom linene kunne det etter kvart koma fram at Årboka lenge hadde stått stille medan verda elles endrast.

I 1982 kom *Årbok for Gudbrandsdalen* ut med den femtiande årgangen. Einar Hovdhaugen var den som fekk i oppdrag å skrive ein jubileumsartikkel. Etter ein gjennomgang om fagnadfolk som hadde lagt ned arbeid for Dølaringen og Historielaget, gjev han seg tid til å reflektere om utjevne årgingar, og om emne som hadde fått ligge unemnde. Korleis opplevde vanlege kvinner og menn dei to verdskrigane og mellomkrigstida? Kva med den politiske striden, spør Hovdhaugen nå, den tekniske utviklinga som endra livet for alle, arbeidarrørsla, bonderørsla, fagrørsla, - emne som var ømtålege, men viktige for å forstå historia som vi alle er ein del av. Og han utfordrar nye redaktørar: Kva med tettstader og bustadfelt? Kva med bruken av høgjellet – seterbruk som blir avløyst av hyttesamfunn og turisme?

For den aldrande Einar Hovdhaugen inneheldt denne refleksjonen både kritikk og sjølvkritikk. Men etterlysinga var eit varsku på overtid, altfor lenge hadde skrivande døl trøysta seg til framhevinga av eit statisk og uforanderleg bilde av det gamle bondesamfunnet. Den historisk orienterte forfattaren Inge Krokann budde i Gausdal. Alt i 1942 skreiv han den vidgjetne artikkelen, *Det store hamskiftet i bondesamfunnet*, som bind 5 av *Norsk kulturhistorie*. Der gjorde forfattaren tydeleg samspelet mellom den økonomiske og kulturelle utviklinga i den andre delen av 1800-talet da pengeøkonomien gjorde sitt inntog.

Unntak fanst. På 1950- og 1960-talet skaut debattane kring utbygging av elektrisk kraft fart. I 1955 stygdest vinstralektoren Sigurd Haraldseid ved dei samtidige naturøydeleggingane som følgde anleggsverksemda ved Vinstervatna. I 1964 kom eit utfall mot ei mogleg vandalisering

av nasjonalikonet Gjende. Det same året debuterte den unge Torgeir T. Garmo i Årboka under den smålåtne, men talande tittelen «Berre ei elv» om det same temaet.

Det fanst også artiklar som gjorde samanlikningar mellom bygdene og som fokuserte på heile dalen. Døme var ein artikkel i 1970 om Thranerørsla i Gudbrandsdalen. ein annan artikkel i 1973 omhandla utvandringa til Nordmøre. I desse to døma kom forfattaren utanfrå, den første var Per Hvamstad, ung museumstyrar frå Hadeland, den andre var den kjende bygdebokforfattaren Hans Hyldbakk frå Surnadal. Men det skulle bli fleire. I 1874 tok Ole Arnfinn Torgersrud for seg vardane i Gudbrandsdalen, året etter var Einar Hovdhaugen sjølv klar med ein lang artikkel om utvandringa frå Gudbrandsdalen til Amerika.

Frå bygdehistorie til lokalhistorie

Dei tre siste tiåra av 1900-talet baud på mange endringar som galdt interessa for lokalhistorie. I Lillehammer kom det høgskule, og der vart det frambodde kurs i nyare historie. Frå miljøet ved høgskulen kom initiativet til oppstart av lokalhistoriske privatarkiv, først med Arbeiderbevegelsens arkiv, som i 1981 gjekk over til Opplandsarkivet i eit samarbeid mellom Oppland fylkeskommune, musea i Oppland, Statsarkivet på Hamar, Høgskulen på Lillehammer – og Oppland Historielag. I Gudbrandsdalen fekk Opplandsarkivet avdelingar med personale på deltid i Lillehammer, Vågå, Skjåk og på Dombås – og i 2016 for Midtdalen i Ringebru.

Utdanningsrevolusjonen i etterkrigstida førte til at mange nå kom ut frå universitetet med fagutdanning i historie. Med det fekk den gamle draumen om bygdebøker for kvar kommune eit nytt fotfeste, og kommunane investerte store summar i bindsterke verk skrivne av akademikarar. Nå var det realhistorie som galdt, tufta på skriftlege kjelder frå arkiva. Vike måtte trongen til heimstaddikting gjennom innslag av segner og munnleg tradisjon. Dette galdt verka som nå kom ut i Gausdal, Lillehammer, Skjåk og Vågå saman med Sel og Heidal. Samstundes gjorde ein enklare tilgang til kjeldemateriale frå statsarkiva og Riksarkivet at registerverk over gardar og slekter var lettare å gjennomføre enn tidlegare. Og slike verk kom ut i Lesja og Lom, i Dovre og Heidal i Sel, og noko om senn i Ringebru.

Dølaringen og Gudbrandsdal Historielag møtte denne utviklinga på sin måte. Offset-teknikken for trykking stimulerte ei interesse blant folk for å komplettere serien av eldre årbøker. Frå 1972 var partnerane i stand til å skaffe seg leigde lokale nord i Lillehammer med fast kontorhjelp. Pågangen frå publikum gjorde at dei i 1975 skreiv ei ny avtale om felles rekneskap og årsmelding. Det var med tanke på utgjevingsarbeidet gjennom det felles Dølaringen Boklag som var oppretta i 1967.

Framgangen stimulerte til større innsats på bokfronten. Tilbodet auka frå eldre årbøker og kjeldeskrift til nye opptrykk av tidlegare utjevne bøker, slike som ein del av verket etter Ivar Kleiven. Mange har ein draum om å skrive bok. Dølaringen Boklag baud etter kvart fram hjelp med sjølv produksjonen i samarbeid med trykkeri mot å få inntekta for ein viss del av salet. Den håpefulle forfattaren bar utgiftene og eventuelt overskytande fortjeneste av sal. Ein føremøn for Dølaringen og Historielaget var dei gode inntektene av ein del utgjevingar. Ein

hake kunne vera skorten på fagleg konsulenthjelp til innhaldet i publikasjonen der både forfattar og utgjevar stod til ansvar på tittelsida.

I somt av utviklinga kunne ein sjå eit framhald frå tida under den første verdskrigen. Høgskulen rekrutterte lokalhistorisk orienterte forskarar. Statsarkivet i Hamar vart supplert med privatarkiva i Opplandsarkivet. Bokutgjevinga som vart sett i gang av Dølaringen Boklag var i høg grad eit svar på ønskemål om nytugåver av bøkene trykte på 1920- og 1930-talet.

Men kva med interessa for å skrive, til dømes i Årboka? Styraren for Norsk Lokalhistorisk Institutt (NLI), Rolf Fladby, reiste eit aktuelt spørsmål i forhold til den nye generasjonen historikarar. Var det tenkjeleg at dei både kunne levere bidrag til den historiske forskinga, og samstundes oppfylle forventingane frå bygdefolk?

I arbeidet med Årboka tok ein ny generasjon fatt frå 1979. Arnfinn Engen var doving og utdanna historikar frå Universitetet i Oslo. Skjåkværen Kristian Hosar som snart kom til, var journalist i Gudbrandsdølen og Lillehammer Tilskuer. Han var også fotograf, og tok ansvaret for bilderedaksjonen. Gjenbruk av bilde hadde vore vanleg i eldre årgangar. I mang ein årgang hadde kyrkjene fått stå som markørar av bygdefellesskapet. Nå vart variasjonen større samstundes som den tekniske kvaliteten på denne tida vart mykje betre. Den tredje på laget, Iver Forseth frå Gausdal, var leiar i Dølaringen 1984-2009, av yrke var han programingeniør i det nyleg etablerte distriktskontoret til NRK i Lillehammer.

Før den tid kunne ein sjå endringar i artikkelstoffet. Etter kvart måtte hugsotta for sveipet av gløymse over fortida vike for ei meir populærvitskapleg haldning hos ein del forfattarar. Som døme kan nemnast dei to historiestudentane som på 1970-talet tok del i eit stort prosjekt ved Universitetet i Oslo om øydetida i Noreg utover frå 1300-talet. To av hovudoppgåvene i prosjektet galdt bygder i Gudbrandsdalen, og dei vart omskrivne til greie og lettlesne artiklar i Årboka. Metodisk var dei tufta på eit sikrere kunnskapsgrunnlag enn det som hadde vore det vanlege i framstillinga av den eldste historia.

I føreordet til Årboka i 1979 tek Arnfinn Engen opp nye synsmåtar. Eit stikkord for den nye redaktøren er aktualisering. Det ønskjer han å vektlegge på to ulike vis. For det første vil han at Årboka skal følgje opp emne som det blir arbeidd med i historielaga i dalen. Nettopp på denne tida var det ei aukande interesse for registrering av fotografi og innsamling av stadnamn. Det andre tiltaket galdt fokus på samtid og nær historie, emne som yngre folk kunne kjenne seg att i. Som vi såg, var dette synsmåtar som også Einar Hovdhaugen kom attende til i jubileumsartikkelen sin tre år seinare. For Arnfinn Engen som redaktør av Årboka vart ein treårsbolc eit mellomspel før han tok imot stillinga som fylkeskonservator i Oppland. Attende som redaktør kom han frå 1999.

For den førre generasjonen av kulturelite i dalen hadde Gudbrandsdal offentlege landsgymnas på Vinstra vore eit hjartebarn. Fleire av lektorane der, nynorskbrukande og med dølabakgrunn, var nå pensjonistar. Først Johs. Myhren og deretter Arvid Ødegård tok på seg å

vera redaktør for Årboka. Særleg vart endringane synlege under redaktørtida til Johs. Myhren. Arvid Ødegård var den som innførte dataalderen i årbokarbeidet.

Myhren var ein markant person. Ein dom etter krigen var oppgjort og inga hefting, verre var det for somme at han var samnorskmann. Som redaktør ønskte han å endre den ytre utsjånaden på Årboka, han fekk modernisert og auka bildebruken med hjelp frå Kristian Hosar som bilderedaktør, og han fremja ønsket om det han kalla ein spissartikkel kvart år. Ikkje minst ønskte han å knyte til seg unge skribentar med utdanning. Eit minefelt galdt artiklar skrivne på dialekt.

Med ønskemålet om ein spissartikkel sa redaktøren at han gjerne ville tinge artiklar med utgangspunkt i eit tema, og kan hende burde skribenten til og med få honorar. Dette vart gjennomført. I prinsippet hadde Årboka vore open for alle skribentar som leverte artiklar og dikt på nynorsk og dialekt. Om redaktøren hadde avvist eller lempa på innhald og form, så var det i alle fall ikkje nemnt. Artiklar på dialekt hadde stundom vore innleidde med ein merknad om at språket var attgjeve fonetisk. Det lydlege i formidlinga var da helst markert med bokstavering og apostrofar så godt som forfattaren formådde, og utan bruk av særskilte spesialteikn.

Dette vart vanskeleg med ein filolog som Johs. Myhren til redaktør. I føreordet til Årboka i 1985 skreiv han mellom anna. «Stykke med ei samanblanding av dialekt og nynorsk prøver redaktøren å unngå». Somme kjende seg krenkte, ikkje minst i ei tid på 1980-talet da både skriftleg og munnleg bruk av dialekt var på frammarsj i landet. Myhren svara med å be styret om ein instruks for redaktøren, og det fekk han. Men artiklane på unormert dialekt vart færre. Grunnleggjande galdt vel saka forholdet mellom munnleg forteljartradisjon og historisk rekonstruksjon av fortida ved hjelp av skriftleg kjeldemateriale.

Ved femtiårsjubileet i 1982 vart det sagt at Årboka for Gudbrandsdalen var meir rotete enn andre slike bøker, men at ho selde betre. Ti år seinare hadde dette snudd. Nå var ho inndelt i oversiktlege bolkar og rotet var borte. Men nå selde ho mindre. Trass i fornying og omlegging opplevde Årboka fram imot årtusenskiftet ein attendegang, og den attendegangen let seg ikkje kompensere av dei andre bokutgjevingane til Dølaringen Boklag. Årboka hadde i all si tid lagt vekt på at flest mogleg bygder skulle vera representerte i kvar utgåve. Slik hadde salet vore sikra, men ikkje nå lengre.

Med datateknikken som fekk allmenn utbreiing på 1990-talet, vart skriving og redigering nær på kvar manns kunst. I åra 1977-87 kom seks lokallag i gang med årlege skrift, og fleire var i kjømda. Somme vart ei god inntektskjelde. Lokale årbøker, til dels med like god, om ikkje betre, teknisk og grafisk kvalitet, vart ein lei konkurrent for Årboka, sjølv om tiltaka gjerne vart omtala som ein stimulerande impuls. Dessutan tok dei over det stoffet som Høgåsen i si tid kalla kveldsetostubbar, og som i dei seinare åra hadde måtta vike plassen for anna artikkelstoff i *Årbok for Gudbrandsdalen*.

Eit anna initiativ galdt slektshistoria. I 1991 vart Gudbrandsdal slektshistorielag grunnlagt etter påtrykk frå interesserte personar i dei lokale historielaga. Tidlegare var det ikkje uvanleg blant mange å sjå på slektrelasjonar som ein hjørnestein i historiarbeidet, mellom anna med spesialiserte utgreiingar både i *Bygd og Bonde* og seinare i *Årboka*, og med *Ættesoge for Gudbrandsdalen* som eit flaggskip. Med eit eige lag med avdelingar i Norddalen og Sjørdalen, og med det eigne kvartalskriftet *Gudbrand*, vart dette ei interesse som nå betre let seg reindyrke.

Møtet med eit større mangfald

Kring årtusenskiftet hadde mangfaldet auka innanfor det kulturhistoriske feltet, og endringar kom i institusjonar og organisasjonar. Maihaugen såg ikkje lengre på verksemda si avgrensa til Gudbrandsdalen. Med Kulturminnelova frå 1990 fekk fylka eit større verneansvar, og i Oppland voks talet på stillingar raskt innanfor denne sektoren, også ved regionmusea. Høgskulen i Lillehammer baud på grunnfagskurs i kunst og lokalhistorie. Mengda av arkiv voks jamnt i dei lokale privatarkiva. Frå 2008 kom Gudbrandsdalsmusea som ein regional overbygning over lokale tiltak frå Ringebu og nordover. Korleis greidde dei gradvis vengeklypte Dølaringen og Gudbrandsdal Historielag seg i denne situasjonen?

Gjennom åra hadde Gudbrandsdal Historielag teke ansvar for å stimulere til aktivitet på ymse felt. Som vi har sett, galdt dette folkeminne og slektgransking, men også innsamling av dialekt, stadnamn og anna. Der fanst det fagfolk på universiteta som skuva på gjennom distriktsorganisasjonen. Etter kvart hadde kommunane og dei lokale historielaga teke føringa. Det galdt oppbygginga og drifta av bygdetuna, slik som i Lom, Vågå, Lesja og Nord-Fron. Og det same galdt finansieringa og drifta av bygdebokoppdraga, og av avdelingane i Opplandsarkivet.

Kunne *Årboka for Gudbrandsdalen* bli eit oppslagsverk for kulturhistorie og folkeminne i Gudbrandsdalen? Den første katalogen med register over forfattarar og emne vart utgjeven etter 1970. I 1997 hadde Iver Forseth ferdig eit nytt og utvida register vidareført frå ein EDB-utvikla versjon ti år tidlegare. I dei 64 årgangane sidan 1930 var det trykt 2530 artiklar fordelt på 560 forfattarar. Stikkordlista inneheldt 3800 oppføringar. Ti år seinare var ein ny dataversjon av eit oppdatert register lagt ut på internett. Eit omfattande arkiv på fem hyllemeter for Gudbrandsdal Historielag og Dølaringen var systematisert og vart overført til Opplandsarkivet, avdeling Maihaugen, i året 2000.

I etterkrigstida hadde Dølaringen satsa på ymse aktivitetar for å utvide verksemda. På 1950-talet engasjerte dei seg i folkemusikk, med danning av spelemannslag og kappleikar i nokre år. På 1960-talet kjøpte dei andelar i Dølaheimen i Lillehammer og deltok i byggenemnda. I ei tid på 1960-talet da Gudbrandsdal Lærarlag hadde hendene fulle med reformarbeid, og ungdomslaga låg på sotteseng, hadde bae vore inviterte til samarbeid om *Årboka*. Men førebels gjekk sjølve *Årboka* godt slik det var i år etter år, og Dølaringen Boklag satsa godt utover på 1970- og 1980-talet.

Dølaringen Boklag markerte ei retning vidare for verksemda frå 1967. Der danna årboksredaktøren og leiarane i dei to samarbeidspartane ei arbeidsgruppe innanfor dei to styra. Grunnlaget for eit nærare organisatorisk samarbeid mellom Dølaringen og Gudbrandsdal historielag vart lagt i 1975. Det sentrale var at dei to laga frå da av skulle ha felles rekneskap og årsmelding i tillegg til kontorfellesskap og samarbeid om boklaget slik det var formulert tidlegare. Styre og medlemsstokk skulle framleis vera åtskilde.

Spørsmålet om samanslåing av laga kom opp fleire gonger, seinast i 1990. Til årsmøtet hadde historielaga nå fast ordning med utsendingar frå lokallaga. Dølaringen hadde som før individuelle medlemmer. Styret spurde da tidlegare medlemmer gjennom eit spørjeskjema kva dei tykte. Av 30 svar meinte 23 at Dølaringen måtte satse meir aktivt på målsaka. Og styret hadde enda ein gong tru på at Dølaringen kunne styrkast med støtte frå mållag, ungdomslag og spelemannslag kringom i dalen. Slik heldt det fram. I 2009 vart det for første gong valt ein felles styreleiar for dei to laga, og i 2012 vart ei kvinne redaktør for første gong, og 2015 vart for første gong ei kvinne vald til felles styreleiar. Til jubileumsåret 2019 er ei endeleg samanslåing fullført under namnet Gudbrandsdal historielag – Dølaringen.

Kan hundreåringar hoppe? – ein ettertanke

Den kulturelle sjølvkjensla på Opplanda hadde vakna medan det regionale forvaltingsnivået framleis var Kristians Amt. Elverum var staden der eit kontor vart oppretta i namnet til målrørsla og den lokalhistoriske rørsla. Fylkesinndelinga frå 1919 markerte samstundes ei geografisk oppdeling på det kulturelle området. Men innanfor fylka var det også sterke identitetar som den framveksande organisasjonsbløminga var med på å vektleggje, ikkje minst med skriving av patriotiske songar. I boka *Det skjulte Norge* teikna den danske litteraturkritikaren Jørgen Bukdahl topografien ut i eit hierarkisk kulturkart over Noreg, der Gudbrandsdalen med sine forfattarar var tenkt å skulle markere eit nivå over dei andre delane av landet.

Årbøkene var ein del av dette identitetsarbeidet på distriktsnivå. I Elverum fekk Håvard Skirbekk på føtene *Glåmdalsboka* i 1942, der han sjølv var redaktør heilt til han døydd i 1982. Samstundes var han direktør ved Glomdalsmuseet. Den fagleg solide årboka, som såleis var sterkt knytt til hans person, vart nedlagd det same året. Årboka for Gudbrandsdalen var meir seigliva. Det var fordi ho var så uregjerleg, meinte Olav Raastad, mangeårig leiar i Gudbrandsdal Historielag. Med det meinte han at boka var open for skribentar med svært ulike føresetnader. Riktig slik var det nok ikkje. Ei gjennomblading av utvalde årgangar over ein lang periode viser tydeleg at forfattarane av seg sjølve visste kva som var venta av dei frå redaktør og kjernepublikum.

Mengda av uselde bøker frå Dølaringen Boklag på 1990-talet aktualiserte følgjande spørsmål: kunne konkurransen med lokallaga på marknadsområdet avhjelpast med å finne kontorlokale meir sentralt i Lillehammer? Maihaugen for sin del, hadde lenge bode fram lokale innanfor museumsområdet, men det vart ikkje sett på som tilfredsstillande. Men da det dukka opp ei adresse i Kirkegata midt i byen på 2000-talet, var tida komen for å slå til, og ein storstilla flytteaksjon frå Chr. Bruuns gate nord i byen vart sett i sving.

Men snart skulle det vise seg at utviklinga hadde gått eit steg for langt. Årboka selde ikkje som før, og greidde ikkje å måle seg med dei skriftene som lokallaga gav ut. Andre bokprosjekt som Dølaringen Boklag hadde hjelpt fram, gav heller ikkje det overskotet ein kunne drøyme om. Resultatet var at kontorleiga vart avvikla, og den halve stillinga, som hadde eksistert i førti år, vart oppheva.

Grunntanken med det arkivstyrte kurset i Hamar i 1919 var at den nasjonale historia måtte utfyllast med lokalt kjeldemateriale og regional rekonstruksjon for å bli så komplett som mogleg. For mange av deltakarane ville vegen til arkiva bli både lang og tung, tung fordi arbeid med kjelder kravde skoloring og tolmod med avskrivning og analyse. Folkeminne var eit anna og enklare akademisk felt for barfothistorikarar, og nedskrivning av segner og munnleg tradisjon vart populært i lang tid blant dei som etter kvart skreiv i *Årbok for Gudbrandsdalen*. Og innanfor det trauste fanst stundom flikar av det fantastiske. Men tanken om grundige og kjeldebaserte framstillingar levde vidare i mellomalderverket til Valen-Sendstad og Grieg på 1950-talet, og vart stimulert ved opprettinga av Opplandsarkivet i 1981. Så kom internettet og tømte lesesalane både i Riksarkivet og Statsarkivet i Hamar.

Og nye tilvokstrar kom. Gudbrandsdalsmusea var ei utviding frå 2008 av Musea i Nord-Gudbrandsdalen, som var starta nokre år tidlegare. I 2010 var det første Gudbrandsdalseminaret arrangert. Det var eit samarbeid mellom Gudbrandsdal Historielag, Gudbrandsdalsmusea, Lillehammer Museum og Oppland fylkeskommune. Tanken var å presentere nyare forskning gjennom populærvitskaplege foredrag om emne innan historie og arkeologi som galdt Gudbrandsdalen. Samlingane skulle vera årlege. Ein tidleg tanke gjekk ut på at dette kunne bli til ei vidareføring av bokverket *Gudbrandsdalen i mellomalderen* frå 1950-talet. Etter tur har foredraga vorte utlagde på internett for vidare lesnad og nytte. Somme har funne vegen til Årboka. Breidda i oppslutninga har vore jamt god og har reflektert samarbeidstanken hos arrangørane. I 2019 var det tiande seminaret arrangert.

Frå 2018 har vi ein organisasjon, Gudbrandsdal historielag – Dølaringen. Den gamle otten for konflikt og fråfall i den samanhengen høyrer fortida til. Årboka blir redigert på nynorsk, og elles slepp andre målformer til når det er tenleg. For trykking av kjeldeskrift er originalspråket ein sjølvsgd ting som tidlegare. Noka språkleg normering for lokallaga, slik somme ottast tidlegare, har vel aldri vore føremålet blant dei som gong etter gong har vore bedne om å arbeide med den saka.

Kjelder og litteratur

Opplandsarkivet, Maihaugen (OAM), Gudbrandsdal Historielag og Dølaringen
Almenningen, Olaf 1980: *Målreising i 75 år: Noregs Mållag 1906-1981*.

Alsvik, Ola 2018: *I dørtrekken fra Europa: Festskrift til Knut Sprauten i anledning 70-årsdagen 22. juni 2018*.

Årbok for Dølaringen / Gudbrandsdalen. Diverse årgangar.

lokalhistoriewiki.no. Diverse oppslag.

snl.no. Diverse oppslag.